

Saksbehandlar: Ina Therese Sørfonden, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 14/7866-57

## Val av utsending til generalforsamling i Fjord Norge AS

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet peikar ut følgjande personar som eigarrepresentant og vararepresentant for Fjord Norge AS ut den fylkeskommunale valperioden 2011-2015:

Eigarrepresentant: .....

Vararepresentant: .....

#### Dokument som ikkje ligg ved:

Avtale om overdraging av aksjar i Fjord Norge AS

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

Fjord Norge AS er eit selskap der Sogn og Fjordane fylkeskommune sine aksjar fram til no har vore disponert av Sogn og Fjordane Reiselivsråd. Rådet er lagt ned i tråd med vedtektene og aksjane er overførte til Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom eigen avtale. Styret i Fjord Norge AS godkjente avtalen i styremøte 7. mai 2014. Sogn og Fjordane fylkeskommune finansierte i si tid aksjane som no vert tilbakeførte.

Selskapet har som føremål å drive internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Selskapet har også høve til å drive nasjonal marknadsføring.

Selskapet har ein aksjekapital på NOK 4 150 000 fordelt på 830 aksjar à NOK 5 000.

Sogn og fjordane Fylkeskommune sin aksjepost per i dag: 74 aksjar à NOK 5 000, totalt pålydande verdi NOK 370 000.

Det er ikkje peikt ut eigarrepresentant og vararepresentant til å møte på selskapet si generalforsamling. Fjord Norge AS skal ha si ordinære generalforsamling 11. juni 2015.

I hovudutvalet for plan og næring si sak 35/14 vart Jan Heggheim peikt ut som fylkeskommunen sin styrerepresentant i selskapet.

### 2. Vurderingar og konsekvensar

I Aksjelova (asl.) § 5-2 heiter det:

*«Aksjeeierne har rett til å møte i generalforsamlingen, enten selv eller ved fullmektig etter eget valg. Møteretten kan ikke begrenses i vedtektene.»*

Eigarmelding 2014 punkt 2.5.3 om utpeiking av fylkeskommunale eigarrepresentantar:

*Fylkestinget sitt mynde til å nemne opp representantar til generalforsamlingar i aksjeselskap er delegert til fylkesutvalet når eigarposten er minst 100 000 kr og som hovudregel til fylkesrådmannen når eigarposten er under 100 000 kr.*

*Fylkestinget ser ikkje grunnar for å sende fleire representantar enn kva som er naudsynt til møte i eigarorganet, då eigarrepresentanten vil vere bunden av fylkesutvalet sin instruks. Fylkestinget ser det som hensiktsmessig å avgrense storleiken på representantskap og generalforsamlingar til det som er naudsynt og hensiktsmessig. I spesielle saker og for enkelte selskap, er det tilrådd at ein frå administrasjonen er med eigarutsendinga.*

*Val av representantar til eigarorgan i selskapa blir normalt gjort kvart 4. år ved første konstituerande møte etter eit fylkestingval.*

Eigarmelding 2014 punkt 2.5.1 om krav til fylkeskommunen sin eigarrepresentant:

*Det er viktig at eigarrepresentanten kjenner til fylkeskommunen sine allmenne og spesielle eigarstrategiar, samt føremålet med eigarselskapet i det aktuelle selskapet. Det er eit krav til at eigarrepresentanten utøver si rolle i tråd med dette og det politiske fleirtal sine føringar. Sjå punkt 3.8 Eigarrepresentanten sitt ansvar ovanfor fylkeskommunen om rutinar for eigarrepresentanten.*

### **3. Konklusjon**

Eg rår fylkesutvalet til å peike ut eigarrepresentant og vararepresentant for Fjord Norge AS ut den fylkeskommunale valperioden 2011-2015.